

Rettleiing til søknadsskjema

1. Opplysningar om søkar og køyretøy

Det må koma fram av søknaden kven som er søkar og kontaktinformasjon til søkar. Desse opplysningane må fyllast inn. Vidare skal det stå kva for køyretøy som skal nyttast. Dersom du som søkar ikkje sjølv skal utføre transporten, må ein opplyse kven som skal vera førar. Merk at ei rekke føremål krev at det berre kan søkast om bruk av snøskuter.

2. Søknaden gjeld

Under punkt 2 må du krysse av for kva søknaden gjeld. Dersom søknaden gjeld fleire føremål må ein presisere det nærare under punkt 3. Nedanfor er dei ulike føremåla omtala kort. Me gjer merksam på at kommunen ikkje har plikt til å innvilge søknadar om motorferdsel, men kan gje løyve etter ei konkret vurdering av kvar enkelt søknad. Kommunen vil behandle den enkelte søknad opp mot dei einskilde vilkår i forskrift/lov, samt opp mot føremålet i motorferdselloven som er å verne om naturmiljø og fremmje trivsel.

Du kan med heimel i [forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag](#) søke om bruk av snøskuter for følgjande føremål:

- **Leigekøyring, jamfør nasjonal forskrift § 5a)**
Du kan søke om løyve for bruk av snøskuter til å ta på deg leigekøyringsoppdrag. Det føreset at du er fastbuende som i ervervsøyemed tek på deg oppdrag i form av snøskutertransport mellom bilveg og støl/hytte/bu, tilsyn med private eigedommar etter oppdrag frå eigar, transport for massemedia på reportasjeoppdrag, transport av funksjonshemma, transport av ved eller transport etter dispensasjon som kommunen har gjeve i medhald av § 6 i forskrift. Innehavar av slikt løyve skal så langt råd er ta på seg transportoppdrag for andre både i kvardag og helg. Namn på evt. stadfortredar skal oppgjevast i løyvet.
- **Transport for funksjonshemma, jamfør forskrifta § 5 b)**
Du kan søke om løyve til bruk av snøskuter dersom du har ei varig funksjonshemming. Kommunen kan krevje legeerklæring. Dersom di bevegelseshemming skuldast alder eller mellombels sjukdom og du har eit transportbehov, må du søkje etter § 6 i forskrifta.
- **Transport av bagasje og utstyr til privat støl/hytte/bu som ikkje ligg ved brøytt veg, jamfør forskrifta § 5 c)**
Du kan søkje om bruk av snøskuter for transport av bagasje og utstyr til eigen privat støl/hytte/bu, dersom bygningen ikkje er knytt til brøytt bilveg, ligg lenger enn 1km frå parkering eller brøytt bilveg og ligg utanfor definert raud sone(sjå kartutsnitt/liste). Er eigedommen dekt av lokal leigekøyringsordning skal denne fottrinnsvis nyttast(sjå kartutsnitt). Kommunen kan gje løyve til heimelshavar, men omgrepet *heimelshavar* vil og her omfatte heimelhavarens næraste familie, som ektefelle og barn. For transport til andre enn slektingar sin støl/hytte/bu, foreningshytte eller hytte med fleire eigarar, må du søke løyve etter § 6 i forskrifta.

- **Køyring i utmarksnæring for fastbuende, jamfør forskrifta § 5 d)**
Du kan søke om løyve til bruk av snøskuter dersom du er fastbuende og har transportbehov i samband med utmarksnæring. Dømer på utmarksnæring kan vera drift av utleigehytte og næringsmessig jakt og fiske. Det må vera rein næringsmessig verksemd, for sal og videreførdling. Kommunen kan krevje næringsoppgåve. Gjeld søknaden anna utmarksnæring er det § 5 a. som i utgangspunktet er bestemmelsen du skal søkje etter.
- **Transport av ved, jamfør forskrifta § 5 e)**
Du kan søke om løyve til bruk av snøskuter dersom du har behov for transport av ved fra eigen eigendom til annan stad enn fast bupele. Det same gjeld transport av ved frå andre sin eigendom.
- **Gruppeturar for bebuarar på helse- og omsorgsinstitusjonar, pensjonistforeiningar, jamfør forskrifta § 5 f)**
Du kan søke om å få nytte snøskutertransport ved gruppeturar for bebuarar på helse- eller omsorgsinstitusjonar, medlemmar av pensjonistforeiningar eller forflytningshemmede. Det førutset at du representerar ein helse- og omsorgsorganisasjon eller ein ideell organisasjon, då det er desse som har høve til å søke etter denne paragrafen. Det kan berre søkast om løyve til turar til bestemte mål, der snøskuterkyring inngår som en naudsynt del, og ikkje til rein rekreasjonskyring.
- **Utkøyring og tilsyn med jervebåsar, jamfør forskrifta § 5b.**
Du kan søke om tillatelse til bruk av snøskuter for utkøyring og tilsyn med jervebåsar som er tillatt av statsforvalter etter forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 31 første ledd bokstav a). Du kan og søke løyve til eit begrensa antal turar med bruk av snøskuter for utkøyring av åte og åtebuar i samband med felling av jerv.

Du kan med heimel i [Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag](#) søke om bruk av motorkjøretøy til førmålane nevnt under:

- **Transport av materiell og utstyr i samband med utmarksnæring, jf. forskrifta § 5a.**
Du kan søke om tillatelse til bruk av motorkjøretøy dersom du har behov for transport av materiell og utstyr i samband med utmarksnæring. Med utmarksnæring regnast drift av utleigehyttar, næringsmessig hausting av naturgodar, turist- og reiselivsnæring, leiting og undersøking av mineralske ressursar mv. Verksemda di må vera registrert i einheitsregjesteret, og vera reell næringsverksemd av økonomisk karakter. Dersom du har behov for transport på barmark skal dette kun skje langs traktorveg.
- **Andre særlege behov, jamfør forskrifta § 6**
Du kan søke om tillatelse til motorferdsel dersom det føreligg særskilde grunnar/behov. Det er førutset at behovet ikkje knytt seg til turkyring, og at transportbehovet ikkje kan dekkast på annan måte. T.d. vil entreprenørar og handverkarar som har behov for motorferdsel i utmark søke etter denne forskrifta

Du kan med heimel i [motorferdselloven](#) søke om bruk av motorfartøy (motorbåt) eller luftfartøy for:

- **Særskilde behov, jamfør motorferdselloven § 6**

Du kan søke om tillatelse til motorferdsel dersom det føreligg særskilde grunnar/behov. Det er førutset at behovet ikkje knytt seg til turkøyting, og at transportbehovet ikkje kan dekkast på annan måte.

3. Føremålet med transporten

Du må beskrive føremålet med transporten. Gode beskrivingar vil vera særskilt viktig for dei vurderingane som kommunane må gjere når du søkar om tillatelse etter § 6 i motorferdselloven eller § 6 i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag.

4. Køy rerute og tidsrom for transport

Du må beskrive på ein eintydig måte kvar du skal køyre. I søknaden må du opplyse om når transporten skal gjennomførast (dato og/eller tidsrom), samt antall turar det søkast om (for dei dette gjeld). I tillegg skal det og leggjast ved en kartskisse som syner køy rerute.

5. Vedlegg

Under dette punktet kan du krysse av for dei vedlegg som du har lagt ved søknaden.